


Inn på tunet i Hordaland

Handlingsplan 2017-2018



I. INNLEIING

Handlingsplan for inn på tunet i Hordaland følgjer opp nasjonale mål og strategiar for Inn på tunet-arbeidet. Planen er fleksibel og Fylkesmannen i Hordaland vil gjennomgåande vurdere og følgja opp aktuelle saker frå nasjonalt hald og frå kjøparar, brukarar og tilbydarar.

Inn på tunet er tilrettelagde og kvalitetssikra velferdstenester på gardsbruk. Tenestene skal gje meistring, utvikling og trivsel. Definisjonen på ein Inn på tunet-gard presiserer at eit gardsbruk har produksjon innan jordbruk, skogbruk eller hagebruk og at aktivitetane i tenestetilbodet er knytt opp til garden, livet og arbeidet der. Inn på tunet-bøndene gjev tilbod til mange ulike brukargrupper. Ingen Inn På Tunet-tilbod er like. Felles for Inn på tunet-verksemdene er at dei skapar samfunnsmessige verdiar ved å løysa sosiale utfordringar. Inn På Tunet-bøndene er sosiale entreprenørar.

Inn på tunet-garden har ulik grad gardsdrift og eit mangfald av aktivitetar. Inn på tunet-bonden tek utgangspunkt i ulike menneskelege, naturgitte og organisatoriske føresetnader, både ut frå behova brukarane av tenestene har og garden sine ressursar. Nasjonal og internasjonal forskning syner tydelege teikn på at Inn på tunet-aktivitet har stor, positiv effekt på menneske, både når det gjeld kontakt med dyr og planter, fysisk aktivitet, meningsfulle oppgåver og det å vera på ein trygg og oversiktleg sosial arena.

På landsbasis er Inn på tunet-tenestene retta mot eit breitt spekter av sektorar: barne- og familievern, barnehage, grunnopplæring, avlasting, vidaregåande opplæring, vaksenopplæring, skulefritidsordning, barnevern arbeidstrening, aktivitetar innan friluftsliv og fysisk aktivitet, tilrettelagte dagtilbod innan psykisk helse, rus, psykiatri og tilbod til eldre og personar med demens. Utover desse tilboda er det også etablert tenestetilbod innan integrering av innvandrarar og flyktningar, kriminalomsorg og førebygging av kriminalitet. I framtida vert det forventa at det vert utvikla fleire tenestetypar og tilbod tilpassa dei ulike brukar- og kjøpargruppene sine behov. Inn på tunet-gardane er ressursar som bør kunna nyttast meir i framtida.

II. RAMMEVERK OG STRATEGISKE MÅL

Handlingsplanen for Inn på tunet i Hordaland er ein del av Fylkesmannen sitt tverrfaglege embetsoppdrag. Innovasjon Noreg er ein sentral samarbeidspartnar i arbeidet med å byggja opp gode og vekstkraftige Inn på tunet-gardar.

Planen skal leggja til rette for samarbeid og aktivitet på tvers av sektorar, gjennom å:

- arbeida for at alle sektorar i det offentlege tenestetilbodet (fyrstelinjetenesta) skal kjenne til Inn på tunet som konsept og korleis ein kan utvikla og kvalitetssikra gode tilbod ut frå lovverk og gjeldande regelverk for dei aktuelle brukargruppene.

- styrka kompetansen om bruk av Inn på tunet-tenester i kommunane
- leggja til rette for forskingsbasert dokumentasjon av Inn på tunet-tenester
- sikra at Inn på tunet-tilbydarane driv kvalitetssikra tenester på garden, og styrka tilbydarane sin kommunikasjons- og bedriftskompetanse.

Planen har tre hovudsatsingsområde, i tråd med dei sentrale planane: demens, skule og pedagogiske tilbod og psykisk helse og rusomsorg, med vekt på vidareutvikling av arbeidsretta tilbod, Grønt arbeid, og tek utgangspunkt i nasjonal strategi og handlingsplan.

Nasjonal strategi for Inn på tunet, vedtatt i 2012, legg grunnlaget for den Nasjonale handlingsplanen for Inn på tunet (2013-17), som vart lansert hausten 2013.

[Nasjonal strategi](#)

[Nasjonal handlingsplan](#)




Foto: Øyvind Vatshelle

Den nasjonale handlingsplanen peikar på nokre særlege område for vidareutvikling av Inn på tunet-tilbodet i planperioden:

1. Demens
2. Skule og pedagogiske tilbod
3. Psykisk helse og rusomsorg, med vekt på vidareutvikling av arbeidsretta tilbod, Grønt arbeid.

Handlingsplan for Hordaland har dei same fokusområda og har elles desse generelle tiltaksområda:

- Konseptutvikling
- Kommunikasjons- og informasjonsutveksling
- Koordinatorordning og sterkare samarbeid

- Kunnskap, utdanning og forskning
- Kvalitetssikring og godkjenning

Dei siste tre åra har det kome to nasjonale rettleiarar:

[Nasjonal veileder - gården som læringsarena for barn og unge](#)

[Nasjonal håndbok Inn på tunet dagaktivitetstilbud tilrettelagt for pesoner med demens](#)

I Hordaland har også Høgskolen i Bergen (no Høgskulen på Vestlandet) laga ei handbok for bruk av hest på Inn på tunet-gard, særleg retta mot rusfeltet:

[Hesteaktiviteter på Inn på tunet-gard for rusfeltet](#)

INN PÅ TUNET I HORDALAND

I Hordaland finn ein eksempel på Inn på tunet tilbod innan dei fleste tenesteområde. Det er stor variasjon mellom kommunane.

Det er per september 2017 39 godkjende Inn på tunet-gardsbruk i Hordaland.

Dei siste åra har informasjonsarbeid, særleg om dei viktigaste tilboda for kommune og NAV, og kompetanseutvikling for tilbydarane vore dei sentrale oppgåvene i det regionale arbeidet. Det har vore arbeidd for å etablera koordinator for Inn på tunet-arbeidet i kommunane. Dette må halda fram i neste planperiode.



Foto: Marianne Haugland

Fagforum Inn på tunet i Hordaland er ein interesseorganisasjon for alle Inn på tunet - tilbydarane i fylket. Organisasjonen skipar til nettverkssamlingar og andre faglege aktivitetar for å støtte opp om gardbrukarane sine interesser i Inn på tunet-samarbeidet.

Kontakt og samarbeid med forskingsmiljø er eit viktig ledd i arbeidet for utvikling av Inn på tunet. Dei siste åra har ein arbeidd med kunnskapsbygging og dokumentasjon av Inn på tunet aktivitetar for ulike brukargrupper gjennom tverrfaglege arbeid innan forskning. HIB (no HVL) og Møreforsking har nyleg avslutta forskingsprosjektet [Samarbeid om Inn på tunet](#), med 3 Hordalandskommunar (Kvinnherad, Bergen og Voss) som prosjektdeltakarar. Resultata gjev nyttig informasjon i det vidare arbeidet, særleg innanfor områda privat/offentleg samarbeid og behovet for å få dette til på ein smidig og effektiv måte.

Informasjonsarbeid har vore eit viktig satsingsområde dei siste åra. Det er oppretta eit system med infobrev kvar månad. Tilsette som er aktuelle for å nytta Inn på tunet-tenester er hovudmålgruppe for infobrevet. Det er per juli 2017 vel 300 mottakarar.

Kompetanseutvikling i tilbydargruppa er også eit viktig satsingsområde. I 2015/2016 gjennomførte Fylkesmannen og Innovasjon Norge i Hordaland og Sogn og Fjordane pilotprosjektet Inn på tunet+ for erfarne tilbydarar. Tiltaket var samansett av samlingar med ulike emne og tilbod om mentor til hjelp for vidareutvikling av tilbodet.

Å stimulera til å få koordinator for Inn på tunet-arbeidet i kommunane er eit prioritert område i perioden. Kommuneutsette har mange ulike oppgåver og vegrar seg ofte for fleire roller. Ein koordinator si oppgåve skal vera å ha oversikt over tilbydarar og kunna vera ein kontaktperson. Ordninga må organiserast og gjennomførast på ein enkel måte.



Foto: Ragna Flotve



Foto: Framnes Gard

III. PLAN FOR PERIODEN

- **Demens**
 - Hovudfokus: Implementering av Demensplan 2020, der Inn på tunet blir eit aktuelt tilbod i Hordalandskommunane
- **Skule og pedagogiske tilbod**
 - Hovudfokus: Ungdomsskuletrinnet og vidaregåande opplæring; helsefremjande skule, tilpassa og gode opplæringstilbod, førebygging av fråfall frå vidaregåande opplæring og å finna vegar attende til den gode kvardagen gjennom Inn på tunet-tilbod. (Samarbeid med HFK/NAV, UIU - ungdomstrinn i utvikling og kommunar)
- **Psykisk helse og rusomsorg, med vekt på vidareutvikling av arbeidsretta tilbod (Grønt arbeid)**
 - Hovudfokus: Unge vaksne (samarbeid med tiltaksbedrifter og NAV)

Innsatsområde 1

Inn på tunet i Hordalandskommunane sine dagtilbod for personar med demens

Effektmål:

Arbeidet skal bidra til at personar med demens kan bu heime lenger, ha ein aktiv og meningsfull kvardag og få auka livskvalitet for dei sjølve og familiare sine. Inn på tunet-tilbodet fører til positiv avlasting for pårørande, fysisk aktivitet, meistringskjensle og ein trygg sosial arena.

Resultatmål:

Alle kommunane i Hordaland skal ha tilgang til relevant informasjon og vegleiing, som aukar kompetansen innanfor Inn på tunet-området, og skal kunna tilby Inn på tunet som eit aktuelt tilbod for personar med demens.

Tilbydarsida skal ha god kompetanse på området og tilby gode og tilpassa tenester av høg kvalitet.

Aktuelle tiltak	Hovudansvar	Tidsramme	Kommentar
Fagdag for helsesektoren i kommunane	FMHO – helseavdeling og landbruksavdeling	Oktober 2017	
Senda infobrev kvar månad til alle kommunane i Hordaland. Visa gode eksempel på Inn på tunet-tilbod frå demensområdet	FMHO - landbruksavdelinga	Kvar månad	Samarbeid med Fagforum
Kontakta kommunane via regionsråd, vedr. koordinator i kommunane. Tilby å koma på besøk til interesserte kommunar	FMHO - landbruksavdelinga	Første kvartal 2018	
Utarbeida relevant verktøy for koordinator i kommunane (presen- tasjonsmateriell mm.)	FMHO - landbruksavdelinga	2. kvartal 2018, med oppfølging	
Informasjon, vegleiing og fadderordning for tilbydarar	FMHO - landbruksavdelinga	Gjennomgåande	I samarbeid med Fagforum

Foredrag og tilrettelegging av KSL – kurs (kvalitetssikring i landbruket) og SNOP-kurs (strategisk nærings- og produksjonsutvikling)	FMHO - landbruksavdelinga	Etter avtale	I samarbeid med Norsk Landbruks-rådgjeving
Informera kommunar om bruk av Inn på tunet-tenester og gje råd i privat/offentleg samarbeid	FMHO Helseavdeling Utdanningsavdeling Landbruksavdeling	På kurs, møte og samlingar for kommunane	
Tilby kurs og vegleiing for nye og eksisterande tilbydarar	FMHO landbruksavdelinga	Gjennomgåande og etter behov	I samarbeid med Innovasjon Norge
Vurdera bruk av prosjektmidlar til gode prosjekt i- og på tvers av kommunar, t.d. skjønnsmidlar	FMHO	Gjennomgåande	

Innsatsområde 2

Inn på tunet som aktuelt tilbod for born og unge



Foto: Olav Brakestad

Effektmål:

Born og unge får tilpassa og breiare tilbod, som fremjar meistring, utvikling og trivsel.

Resultatmål: Inn på tunet-bønder som ynskjer å gje tilbod til born og unge i barnehage grunnopplæring og vidaregåande opplæring skal kunna tilby kvalitetsmessige gode tilbod i nært samarbeid med den hovudansvarlege parten i kommune, fylkeskommune og organisasjon. Kjøpar skal ha relevant informasjon som gjev god kompetanse og tryggleik i bruk av tenesta, og skal kunna vurdere Inn på tunet som eit aktuelt tilbod.

Aktuelle tiltak	Hovudansvar	Tidsramme	Kommentar
Utvikla samarbeid med Hordaland Fylkeskommune, NAV og vidaregåande opplæring i arbeidet for å nytta Inn på tunet som opplæringsarena (som del av ordinært utdanningsløp eller som produksjonsskule)	FMHO - landbruksavdelinga	Gjennomgåande	Dialog er i gang.
Senda infobrev kvar månad til alle kommunane i Hordaland. Visa gode eksempel på Inn på tunet-tilbod i pedagogiske tilbod	FMHO - landbruksavdelinga	Kvar månad	Samarbeid med Fagforum
Kontakta kommunane via regionsråd vedr. koordinator i kommunane. Tilby å koma på besøk til interesserte kommunar	FMHO - landbruksavdelinga	Første kvartal 2018	
Utarbeida relevant verktøy for koordinator i kommunane (presen- tasjonsmateriell mm.)	FMHO - landbruksavdelinga	2. kvartal 2018, med oppfølging	
Informasjon, vegleiing og fadderordning for tilbydarar	FMHO - landbruksavdelinga	Gjennomgåande	I samarbeid med Fagforum
Foredrag og tilrettelegging av KSL – kurs (kvalitetssikring i landbruket) og SNOP-kurs (strategisk nærings- og produksjonsutvikling)	FMHO - landbruksavdelinga	Etter avtale	I samarbeid med Norsk Landbruks-rådgjeving

Informera kommunar om bruk av Inn på tunet-tenester og gje råd i privat/offentleg samarbeid	FMHO Helseavdeling Utdanningsavdeling Landbruksavdeling	På kurs, møte og samlingar for kommunane	
Tilby kurs og vegleiing for nye og eksisterande tilbydarar	FMHO Landbruksavdelinga	Gjennomgåande og etter behov	I samarbeid med Innovasjon Norge
Vurdera bruk av prosjektmidlar til gode prosjekt i- og på tvers av kommunar, t.d. skjønnsmidlar.	FMHO	Gjennomgåande	

Innsatsområde 3

Psykisk helse og rusomsorg, med vekt på arbeidsretta tilbod (Grønt arbeid)

Effektmål: Fleire kjem ut i arbeid etter deltaking i Inn på tunet-tilbod. Auka livskvalitet og positivt sjølvbilde.

Resultatmål: Både tilbydarar og tenestebrukarar (NAV/tiltaksbedrifter) skal ha god nok kunnskap til å kunna skapa og utvikla gode tilbod innan Grønt arbeid/Inn på tunet

Aktuelle tiltak	Hovudansvar	Tidsramme	Kommentar
Delta i nettverket Grønt arbeid - Hordaland	Gardsbruka, i samarbeid med NAV Hordaland og tiltaksbedrifter	To gonger i året	Møta vert arrangert på dei ulike gardane, som tilbyr Grønt arbeid.
Utarbeida materiell til bruk i vidareutvikling av Grønt Arbeid	FMHO/NAV, i nært samarbeid med gardsbruka og tiltaksbedriftene	2018	Forskiings- og erfaringsbasert Referansegruppe frå tilbydar- og kjøparsida

Senda infobrev kvar måned til alle kommunane i Hordaland. Visa gode eksempel på Inn på tunet-tilbod innan Grønt arbeid og andre NAV-baserte tiltak	FMHO - landbruksavdelinga	Kvar måned	Samarbeid med Fagforum
Informasjon, vegleiing og fadderordning for Grønt arbeid-gardar.	FMHO - landbruksavdelinga	Gjennomgåande	I samarbeid med Fagforum
Foredrag og tilrettelegging av KSL – kurs (kvalitetssikring i landbruket) og SNOP-kurs (strategisk nærings- og produksjonsutvikling)	FMHO - landbruksavdelinga	Etter avtale	I samarbeid med Norsk Landbruks-rådgjeving
Informasjon til NAV-kontor og tiltaksbedrifter	FMHO - landbruksavdelinga	Vår 2018 – og gjennomgåande	Gjennom infobrev og direkte
Tilby kurs og vegleiing for nye og eksisterande tilbydarar	FMHO landbruksavdelinga	Gjennomgåande og etter behov	I samarbeid med Innovasjon Norge
Vurdera bruk av prosjektmidlar til gode prosjekt i- og på tvers av kommunar, t.d. skjønnsmidlar	FMHO	Gjennomgåande	



V ORGANISERING OG EVALUERING

Handlingsplanen skal vurderast gjennomgåande, og styringsgruppa skal ha minst ei evaluering midt i planperioden.

Fylkesmannen i Hordaland har hovudansvar for gjennomføring av handlingsplanen.

Styringsgruppe:

Rune Fjeld – Assisterande fylkesmann (leiar)

Helga Arianson – Fylkeslege

Anne Hjermann – Utdanningsdirektør

Åse Vaag – Landbruksdirektør

Planen er vedtatt i styringsgruppa 18. september 2017

VI AKTUELLE DOKUMENT

Helse- og omsorg:

- Meld. St. 29 – [Morgendagens omsorg](#) – 2.4., 4.3.4
- NOU 2011: 11 : [Innovasjon i omsorg](#)
- [Demensplan 2020](#)

Arbeid og psykisk helse:

- [Oppfølgingsplan for arbeid og psykisk helse \(2013-16\)](#)
- [OECD-rapport: Arbeid og psykisk helse \(2013\)](#)


Oppvekst, barnehage og utdanning:

- [Opplæringslova](#)
- [Barnehagelova](#)
- [Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver](#)
- [Læreplan for Kunnskapsløftet – generell del](#) (under oppdatering)
- Meld. St. 22 (2010-11) - [Motivasjon – Mestring – Muligheter. Ungdomstrinnet.](#)
- Meld. St. 20 (2012-13) - [På rett vei. Kvalitet og mangfold i fellesskolen](#)

Næringsutvikling

- [Innovasjon Noreg sine tilbod på Inn på tunet-området](#)

Kart over Inn på tunet-gardar i Hordaland per september 2017



Kartet syner plassering av Inn på tunet-gardar i Hordaland 2017. Meir informasjon om gardane finn du på nettsida: matmerk.no
Matmerk har ansvar for godkjenning av Inn på tunet gardar og for Internettsida.